



Arkivnr: 2014/11616-4

Saksbehandlar: Bente Utne

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014

Namn på tunellar på Fv 7 i Granvin herad

Samandrag

I samsvar med lov om stadnamn har fylkeskommunen vedtaksmynde om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg mv. Fylkesutvalet har fått delegert fullmakt til å gjera vedtak om skrivemåten på fylkeskommunale vegar, anlegg og liknande.

Saka gjeld namn på dei to nye rassikringstunellane på Fv 7 ved Haukanesberget og Lussandberget i Granvin herad.

Fylkesrådmannen foreslår at tunellen som sikrar Haukanesberget får namnet «Folkedalstunellen», medan tunellen som sikrar Lussandberget får namnet «Bjørgatunellen».

Forslag til innstilling:

1. Tunellen på Fv 7 ved Haukanesberget får namnet «Folkedalstunellen»
2. Tunellen på Fv 7 ved Lussandberget får namnet «Bjørgatunellen»

Johnny Stiansen
fungerande fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Bakgrunn

Det er under bygging/planlegging to tunellar på Fv 7 i Granvin herad. Begge er rassikringsprosjekt, og vert finansiert med statlege midlar.

Sikring av Haukanesberget: Dette har vore det høgast prioriterte rassikringsprosjektet for fylkesvegar i Hordaland. Anleggsarbeidet starta opp i november 2013, og ferdigstilling er venta i november 2015. Tunellen går mellom Folkedal og Haukanes.

Sikring av Lussandberget: Dette prosjektet vart utlyst tidleg i 2014, og Statens vegvesen har no kvalitetssikra innkomne tilbod. Ein kan starta opp anleggsarbeidet hausten 2014 såframt finansieringa av prosjektet blir avklart. Tunellen går mellom Beggevik og Lussand under fjellet Bjørga. Uansett framdrift er det ein fordel å avgjera namnet på eit tidleg stadium.

Vedtaksmynde

Ifølge lov om stadnamn av 18.05.1990 § 5, 2. ledd, er det fylkeskommunen som gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg mv.

I delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune har fylkesutvalet fått delegert fullmakt til å gjera vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg og liknande.

Uttalerett

I lov om stadnamn § 6, 1. ledd heiter det mellom anna:

«Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. ---

Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten».

Ifølge «kommentarar til lovteksten» til § 6: «Andre ledd fastset at når vedtaket skal gjerast av andre enn kommunen, skal vedtaksorganet sende saka til vedkommande kommune, som skal syte for at ho blir kunngjort for dei som har rett til å uttale seg». Namnekonsulentane er Stadnamntenesta på Vestlandet.

Namn på tunellen ved Haukanesberget

Statens vegvesen skriv i e-post av 15.02.13: «Namnet Haukanestunnelen kan ikkje nyttast fordi dette alt er namnet på ein tunnel langs fv. 7 i Samnanger. Vi foreslår difor Folkedalstunnelen fordi tunnelen er planlagt under Folkedal naturreservat».

Granvin herad gjorde følgjande tilrådingsvedtak i HS-sak 011/13:

Tunnelen i Folkedal får namnet «Folkedaltunnelen».

Etter kunngjering og mottekne innspel held heradet fast på namnet i brev av 04.03.2014, men ønskjer endinga -tunellen, då dette ligg nærmast talemålet i Granvin. Heradet ønskjer altså namnet utan genitiv-s.

Statens kartverk har i brev 20.03.13 ingen innvendingar til primærnamnet *Folkedal*.

Stadnamntenesta på Vestlandet skriv i brev av 06.02.14 at *Folkedalstunellen* bør skrivast med genitiv-s: «Her kan ein jamføra med andre namn som er avleidde av primærnamnet *Folkedal*, til dømes namnet «*Folkedalselvè*» (i SSR: *Folkedalselvi* og *-elva*).

Namn på tunellen ved Lussandberget

Statens vegvesen skriv i e-post av 15.02.13: «Tilsvarende er namnet Lussandtunnelen i bruk for den korte tunnelen aust for Lussand. Vi foreslår difor Bjørgatunnelen ettersom det lokale namnet på fjellområdet tunnelen skal gå under er Bjørga....».

Granvin herad gjorde følgjande tilrådingsvedtak i HS-sak 011/13:

Tunnelen i Lussand får namnet «Bjørgatunnelen».

Etter kunngjering og mottekne innspel held heradet fast på namnet, men ønskjer endinga -tunellen.

Statens kartverk har i brev 20.03.13 ingen innvendingar til primærnamnet *Bjørga*.

Stadnamntenesta på Vestlandet tilrår i brevet av 06.02.14 namnet «Bjørgatunellen». Dei viser også til avleidde namneformer Bjørgasteinen, Bjørgateigen og Bjørgaskjeret.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Primærnamna Folkedal og Bjørga er det ingen diskusjon rundt.

Når det gjeld spørsmålet om genitiv-s i Folkedalstunellen bør det etter fylkesrådmannen sitt syn leggast vekt på Stadnamntenesta sine argument om praksis på området.

Når det gjeld skrivemåten av *tunell* framfor *tunnel*, er det no innarbeidd praksis på fylkesvegar å bruka *tunell*, som ligg nærast talemålet i Hordaland. Dette er også i samsvar med Granvin herad sitt ønskje.

Ut frå dette vert namneforslaga «Folkedalstunellen» og «Bjørgatunellen».

Vedlegg: Uttale frå Stadnamntenesta på Vestlandet av 06.02.14
Uttale frå Statens kartverk av 20.03.13, vedtak Granvin herad og epost frå Statens vegvesen
Brev frå Granvin herad av 04.03.14